



Nordhordland og Gulen Interkommunale Brannførebyggjande avdeling

NGIB
Stølen 7
5911 ALVERSUND

Direkte	Telefon	e-post
Ole Johan Ingebrigtsen	56 37 56 90	liolin@lindas.kommune.no
Frode Langeland	56 37 56 91	lifrla@lindas.kommune.no
Gjert Holtan	56 37 56 88	hogj@lindas.kommune.no
Ann-Therese Strønen	56 37 56 94	Ann-Therese.Stronen@lindas.kommune.no
Gunn T. Ramslien	45 44 03 23	ligura@lindas.kommune.no

Prestmarka Barnehage
Radøy kommune
Krossvegen 8
5936 Manger

Dykkar ref: Vår ref: Saksbehandlar: 24.04.2018
2018/17 Gunn-Torhild Ramslien

Tilsynsrapport

Nordhordland og Gulen interkommunale brannførebyggjande avdeling (NGIB) gjennomførte branntilsyn den 23.04.2018 i Prestmarka Barnehage .

Tilsynet vart utført i medhald av Lov av 14. juni 2002 nr 20 (brann- og eksplosjonsvernlova) § 13 andre ledd og Forskrift av 17. desember 2015 nr 1710 (forskrift om brannførebygging) §§ 14–22.

Sikkerheitsnivået i objektet er vurdert etter krav i forskrift om brannførebygging og HMS-lovgivinga.

Til stade ved tilsynet:

For verksemd/bruker: Rita Amundsen

For brannvesenet: Gunn-Torhild Ramslien

Innleiing

Føremålet med tilsynet var å vurdere om brukar av objektet arbeider systematisk med brannsikkerheita. Frå brannvesenets side vart det lagt vekt på å foreta ein heilskapleg vurdering av alle forhold som kan påverke sannsynet for at brann bryt ut og konsekvensar av utbroten brann. Vi gjer dykk merksam på at dette ikkje er fullstendig kontroll, og at nemnde avvik og merknader (feil/manglar) ikkje er utfyllande. Det er eigar si plikt å syta for at brannobjektet er bygd, utstyrt og vedlikehalde i samsvar med gjeldande lover og forskrifter om brannførebygging jf. §§ 4–13.

Tilsynet omfattar blant anna undersøking av:

- at internkontroll ved verksemda er føremålstenleg på sikkerheitsområdet
- at vedlikehaldsrutinane vert utført

Omfang

Tilsynet vart innleia med gjennomgang av tidligare tilsynsrapportar, internkontrollrutinar. Deretter vart det teke ein stikkprøvekontroll på objektet, samt intervju for å verifisere at krava er oppfylt.



Oppfølging etter siste gangs tilsyn

Førre branntilsyn vart utført:

Prestmarka avdeling Dale: 04.10.2010

Prestmarka avdeling Manger: 21.12.2015

Prestmarka avdeling Solhall: 21.12.2015

Dei avvik som vart avdekkja under dette tilsynet er i liten grad blitt følgt opp, utbedra eller lukka. Dette gjeld både avvik knytt til eigar og til brukar av bygga.

Generelt

Prestmarka barnehage er ei avdeling fordelt på tre separate bygg: Prestmarka barnehage avdeling Dale, Manger og Solhall. Tilsynet vart retta mot brukar av bygga, med gjennomgang av det organisatoriske brannførebyggjande arbeidet ved avdelinga. Verneombod og styrarassistent var innkalla til tilsynet, men kunne ikkje stille grunna sjukdom.

Avdelingsleiar informerer om at det er same organisering og struktur på alle dei tre bygga, også når det gjeld det brannførebyggjande arbeidet. Det er brannperm på kvar av dei tre bygga, med same rutinar, prosedyrar og struktur.

Det som er gjennomgåande er at dei skriftle rutinar og planar er av gammal art og har ikkje blitt revidert/gått gjennom på lang tid. Dei skriftlelege rutinane er heller ikkje implementert tilstrekkeleg i avdelinga.

På personalmøte kvar haust vert brann tatt opp som tema i personalgruppa, i tillegg til brannøving ein gang i året. Det er ikkje fastsatt kva brannrelatert tema som vert tatt opp på persoanlmøtet elles i året. Det er derfor lite systematikk i det brannførebyggjande arbeidet

Avdelingsleiar ser behovet for ei gjennomgang av rutinar og at det vert betre implementert i organisasjonen. I tillegg ser ho behov for at heile personalgruppa får ei oppfrisking av brannteori og praktisk sløkking. Ho ynskjer å gjennomføre snarleg kurs på personalgruppa, med støtte frå NGIB.

Definisjonar:

AVVIK:

Brot på krav fastsatt i eller i medhald av helse-, miljø- og sikkerheitslovgivinga.

MERKNAD:

Forhold som tilsynsmyndigheitene meiner det er riktig å påpeike for å ivareta helse, miljø og sikkerheit, og som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

KOMMENTARAR: Utfyllande opplysningar om avvik eller funn som beskriv dei faktiske forholda ved objektet.

Avvik

Følgjande avvik vart konstatert under tilsynet:

Avvik 1

System for/eller gjennomføring av brannøving og opplæring er ikkje tilfredsstillande

Avvik frå:

Forskrift om brannførebygging §§ 12 og 13, og HMS-forskrifta § 5 pkt 2, 3 og 6



Kommentarar:

Gjennomført øving og opplæring er ikkje tilstrekkeleg dokumentert. Ny tilsette har ikkje fått tilstrekkeleg informasjon om opptreden i ein brannsituasjon før dei vert sett i arbeid.

Det vert gjennomført brannøving ein gong i året, noko som vert dokumentert. Organisasjonen må vurdere om omfang og frekvens av brannøving og opplæring er tilstrekkeleg, ut i frå risikoen i verksemda. Etter slik vurdering er gjort, skal det lagast ein plan (oppdatere eksisterande plan) for opplæring og øving.

Merknader

Følgjande forhold vart påpeika under tilsynet:

Merknad 1:

Dei fleste planar og rutinar knytt til det brannførebyggjande arbeidet er av gamal art . Dei er ikkje revidert og implementert tilstrekkeleg i organisasjonen. Det må takast ein gjennomgang av planar og rutinar for systematisk brannførebyggjande arbeidet ved Prestmarka barnehage (gjeld alle dei tre bygga).

Merknad 2:

Ved ein stikkprøve på bygget Prestmarka barnehage avdeling Manger, er det fleire eksemplar på bruk av kjepler og anna for å halde branndørar opne på dagtid. Avdelingsleiar informerer om at det er rutinar på lukking av dører ved brannalar eller når det ikkje er folk i bygget, man at det likevel ikkje fungerer. Det må derfor takast ein gjennomgang på daglege rutinar på bygget.

Andre forhold

Det er ikkje kome tilbakemelding på tidlegare tilsynsrapportar knytt til eigar av bygga. Det er derfor nyleg send e-post med purring på tilbakemelding for eigar av dei tre bygga.

Oppsummering/avsluttande møte

Ved oppsummeringsmøtet vart dei registrerte avvik og merknader gjennomgått.

Det var einigheit om at eigar/verksamd/bruker finn løysing for å retta opp avvik som er gitt i rapporten.

Attendemelding

Med tilvising til forskrift om brannførebygging jf. § 18 og retting for myndigheitsutøving ved tilsyn utført av brann- og feiarvesen, ber brannvesenet om ein skriftleg attendemelding med framdriftsplan som syner korleis og når påpeika avvik vil verta retta. Framdriftsplan skal sendast innan **04.06.2018** til:

**NGIB Førebyggjande avdeling
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ**



Nordhordland og Gulen Interkommunale Brannførebyggjande avdeling

Med førebyggjande helsing

**Nordhordland og Gulen interkommunale
brannførebyggjande avdeling**

NGIB

Gunn-Torhild Ramslien

Gunn-Torhild Ramslien

Brannsjef

i

Radøy kommune

Stein Ove Valdersnes

Stein Ove Valdersnes

Kopi: Rita Amundsen, , 5936 Manger
Radøy Kommune, Radøyvegen 1690, Radøyvegen 1690, 5936 Manger